

Endringar i skulereglane

Forskrift om skulereglar, Vestland fylkeskommune 18. juni
2024 nr. 3380

Innhald

1. Bakgrunn for forslaget	3
2. Innholdsmessige endringar	4
2.1 Klassebyte	4
2.2 Pålagt skulebyte	4
2.3 Prosess ved klage	5
2.4 Oppførsel	6
2.5 Bruk av fysisk makt	7
2.6 Tydeleggjering av skuledemokratiet	7
3. Tekniske endringar	8
4. Vurdering av andre innspel	8
4.1 Tydeleggjering av forbodet mot fusk	8
4.2 Fellesreglar for bruk av mobiltelefon og smartklokke	9

1. Bakgrunn for forslaget

Forskrift om skulereglar for Vestland fylkeskommune vart vedteke av fylkestinget i PS 76/2024 den 18.06.2024, med heimel i opplæringslova § 10-7 og § 20-3.

Då forskrifta vart vedteke, bestemte fylkestinget samstundes at skulereglane skulle bli revidert etter å ha vore i kraft i eitt år.

Skulereglane skal angi kva oppførsel som ikkje er tillate i skulen, og kva sanksjonar forboden oppførsel kan bli møtt med. Skulane kan ikkje iverksette sanksjonar mot eleven utan heimel i skulereglementet. Det er difor viktig at skulereglane angir tilstrekkeleg presist kva oppførsel som ikkje er tillate, og at reaksjonsmoglegheitene er dekkande for behovet i skulane.

I dette arbeidet har det vore nedsett ein arbeidsgruppe mellom tilsette frå Avdeling for opplæring og kompetanse og juridisk seksjon. Rektorane har også fått tilsendt eit spørjeskjema med oppmoding om å kome med sine innleiande innspel til evalueringa av skulereglane.

Siktemålet med revisjonen har vore å undersøkje korleis reglane har fungert, og fange opp behova for endring. Det har kome svar frå totalt 19 skular og tilbakemeldingane er i all hovudsak positive. Det er ikkje signalisert behov for større endringar.

På bakgrunn av dette legger direktør for opplæring og kompetanse fram forslag til endringar i skulereglane i saka her. I hovudsak er det foreslått mindre språklege og retts tekniske endringar. Utanom dei endringane som vert foreslått i høyringsnotatet, er skulereglane foreslått uendra.

Det er planlagt open høyring av forslaget frå 13. mars til 24. april 2026. Etter høyringsperioden vert endeleg forslag sendt til politisk behandling, og eventuelt endeleg vedtak i fylkestinget kan ventast den 16 - 18. juni.

Direktøren for opplæring og kompetanse inviterer med dette interessentar om å kome med innspel til høyringsforslaget slik det ligg føre.

2. Innholdsmessige endringar

2.1 Klassebyte

Det er foreslått å fjerne «klassebyte» frå lista over sanksjonar med klagerett i § 8 nr. 6.

I forarbeida til opplæringslova vert peikt på at klassebyte vert rekna som eit mindre inngripande tiltak. Meninga er at skulen kan bruke klassebyte som eit tiltak for klassemiljøet, i kraft av retten til å organisere og leie undervisninga.¹

Klassebyte vert difor ikkje rekna som eit enkeltvedtak med klagerett med mindre fylkeskommunen har bestemt det. Statsforvaltaren har også signalisert at fylkeskommunen bør sjå på dette som eit mindre inngripande tiltak utan klagerett. Direktøren vil vidare peike på at det kan verke prosessdrivande å behandle klassebyte som eit enkeltvedtak.

Direktøren vil heller ikkje foreslå å flytte «klassebyte» til § 8 første avsnitt om sanksjonar utan klagerett, for å unngå karakteristikken «sanksjon». Det må ikkje liggje føre brot på skulereglane før skulen kan iverksette klassebyte, og det kan skape forvirring viss klassebyte i nokre tilfelle skulle bli rekna som ein sanksjon, mens i andre tilfelle ikkje. Dette er bakgrunnen for at direktøren no foreslår å ta klassebyte ut frå forskrifta.

2.2 Pålagt skulebyte

Det er også foreslått å fjerne «pålagt skulebyte» frå lista over sanksjonar med klagerett i § 8 andre avsnitt nr. 10. Bakgrunnen er at pålagt skulebyte ikkje skal inngå i sanksjonsmoglegheitene ved brot på skulereglane.

Moglegheita til å flytte eleven til ein annan skule er regulert i opplæringslova § 13-2. Vilkåra er at eleven sin oppførsel går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar, og at mindre inngripande tiltak ikkje vil kunne avhjelpe situasjonen. Terskelen for å pålegge ein elev å byte skule er høg, og det vert rekna som eit spesielt inngripande tiltak for eleven, som berre kan bli brukt når andre tiltak ikkje har føyrt fram.

Heimelen er sjølvstendig og skulebyte kan difor nyttast uavhengig av om skulebyte er nemnd i skulereglane eller ikkje. Direktøren sin vurdering er at det kan skape forvirring viss skulebyte inngår i paragrafen om sanksjonar knytt til brot på skulereglane. På denne bakgrunn foreslår direktøren å fjerne pålagt skulebyte frå § 8.

¹ Prop.57L (2022-2023) s. 602

I Rundskriv om skulereglar skriv Udir at det kan vere formålstenleg å nemne i skulereglane at skulebyte likevel er eit mogleg tiltak.² Som alternativ foreslår direktøren difor å informerer om heimelen for pålagt skulebyte i ein eigen paragraf på slutten av forskrifta i ny § 15:

«Viss eleven sin oppførsel går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar, kan fylkeskommunen bestemme at eleven skal flyttast til ein annan skule. Dei nærmare vilkåra for å påleggje skulebyte går fram av opplæringslova § 13-2.

Pålagt skulebyte er ikkje ein del av sanksjonane som skulen kan bruke for å reagere mot eleven ved brot på skulereglane. Eleven kan klage på enkeltvedtak om pålagt skulebyte etter opplæringslova § 29-1 (1).»

2.3 Prosess ved klage

Direktøren foreslår å sløyfe dagens § 13 (2), som beskriver prosessen ved klage, fordi det ikkje stemmer med fylkeskommunen sin praksis at rektor sender klaga med utgreiing og grunniving til avdelingsdirektøren. Praksis er at rektor tar imot klaga over bortvisinga og sender den vidare til direktøren, som gjer ein ny vurdering, før den eventuelt vert sendt vidare til klageinstansen.

Det vert også foreslått å sløyfe § 13 (3). Praksis er også her at det er direktøren som vurderer og eventuelt sender saka vidare til klageinstansen. For å tydeleggjere saksbehandlingsprosessen foreslår direktøren ny § 13 (2) med slik ordlyd:

«Viss rektor ikkje finn grunnlag for å ta klaga til følgje, skal rektor sende klaga til avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse. Viss avdelingsdirektøren ikkje endrar eller opphevar vedtaket, sendast saka vidare til klageinstansen for endeleg vurdering.»

Direktøren foreslår vidare å sløyfe dagens § 14 om klageinstans. Det stemmer ikkje lengre at fylkeskommunen sin klagenemnd er klageinstans ved bortvising. Riktig klageinstans er Statsforvaltaren, som også er klageinstans for dei andre enkeltvedtaka med klagerett som er nemnt i skulereglane, jf. opplæringslova § 29-1 (1).

For å forenkle beskrivinga av klageprosessen, foreslår direktøren heller å samle innhaldet i dagens § 14 til eit nytt siste avsnitt i § 13, som skal angi at Statsforvaltaren er klageinstans for enkeltvedtak etter bokstav a-e.

² [7. Kva for tiltak kan innførast ved brot på skulereglane? | udir.no](https://udir.no)

2.4 Oppførsel

Direktøren foreslår å tydeleggjere at beskrivinga av kva som er god oppførsel i § 7 (2) og forboden oppførsel i § 7 (3) er meint som eksemplar, og at lista ikkje er uttømmande.

Ordlyden i § 7 (2) vert foreslått presisert slik:

«Det er **mellom anna** god oppførsel å (...).»

Ordlyden i § 7 (3) vert foreslått presisert slik:

«Det er **mellom anna** forbode å (...).»

Etterfølgd av opplistinga av eksemplar på forboden oppførsel, vert det foreslått eit nytt siste avsnitt som klargjer at lista ikkje er uttømmande:

«Lista over forboden oppførsel i punkt 1-9 er meint som eksemplar og lista er ikkje uttømmande.»

Vidare har det vore drøfta om det er behov for å supplere lista over forboden oppførsel i § 7, Direktøren vurderer i hovudsak at lista er tilstrekkeleg dekkande nok til å fange opp den oppførselen som skal kunne sanksjonerast, men vil foreslå nokre tydeliggjeringar.

I dagens § 7 nr. 1 står det at det er «forbode å mobbe, trakassere, utestenge eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt». Direktøren foreslår å supplere ordlyden her som følger:

«mobbe, trakassere, utestengde, **true** eller på andre måtar krenke andre eller fysisk, **psykisk**, verbalt eller digitalt, **eller utsette andre for skade eller fare for skade.**»

I dagens § 7 nr. 3 heiter det at det er «forbode å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område». Direktøren vurderer at det er behov for å presisere dette forbodet som følger:

«vere påverka av, bruke, oppbevare, **distribuere** eller selje **rusmiddel, ulovleg legemiddel og alkohol** på skulen sitt område **og ved all aktivitet i skulen sin regi.**»

Det vert i tillegg foreslått ein ny § 7. nr 9 som er meint å fange opp eventuell anna omsynslaus åtferd som ikkje passer inn til ordlyden i dei andre eksemplane i punkt 1-8, med slik ordlyd:

«utvise anna omsynslaus åtferd mot personar eller eigedom på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.»

2.5 Bruk av fysisk makt

I dagens § 8 (5) om sanksjoner er det eit eige avsnitt som informerer om åtgonga til fysisk inngripen:

«Fysisk refsing eller anna krenkande behandling kan ikkje brukast som sanksjon. Nødrett eller nødverje kan likevel i særskilte tilfelle gjere det nødvendig å for tilsette å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølve eller andre, eller skader skulen sin eigedom.»

Bakgrunnen for reguleringa er opplæringslova § 13-4 som opnar for å gripe inn fysisk for å avverje føreståande skade på person eller eigedom. Heimelen for fysisk inngripen var ny ved innføringa av ny opplæringslov. Då skulereglane vart vedteke fann ein det hensiktsmessig å informere om dette i same paragraf som sanksjonane.

Direktøren vurderer no at det skapar forvirring at regelen om fysisk inngripen er inntatt i den same paragrafen som regulerer sanksjonane ved brot på skulereglane. Fysisk inngripen kan berre bli brukt som eit absolutt naudsynt tiltak for å forhindre skade. Terskelen for å gripe inn fysisk er svært høg, og det er ikkje aktuelt viss mindre inngripande tiltak kan avverje situasjonen.

Direktøren foreslår difor å fjerne dagens § 8 (5). Som alternativ vert det foreslått ein eigen paragraf mot slutten av forskrifta, som informerer om heimelen for fysisk inngripen i opplæringslova § 13-4 og krava til dokumentasjon i ny § 16:

«(1) I særskilte tilfelle kan det vere naudsynt for tilsette å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølv eller andre, eller skader skulen sin eigedom. Opplæringslova § 13-4 angir vilkåra som må vere oppfylt for å gripe inn fysisk.

(2) Fysisk inngripen er ikkje ein del av sanksjonane som skulen kan bruke for å reagere mot eleven ved brot på skulereglane.

(3) Tilsette skal rapportere til rektor når fysiske inngrep har funnet stad, og alle fysisk inngrep skal dokumenterast med ein omtale av hendinga, inngrepet og eleven sitt syn på saken.»

2.6 Tydeleggjering av skuledemokratiet

I dagens § 14 (2) står det:

«Kvar skule skal etter ein lokal prosess og med utgangspunkt i nasjonale anbefalingar vedta eigne tilleggsreglar om bruk av mobiltelefon og smartklokkar.»

Det vert foreslått å supplere § 14 (2) med nytt andre punktum som lyder:

“Elevrådet og skulemiljøutvalet ved den enkelte skule skal ha reell medverknad i prosessen”.

Ved å presisere at elevråda og skulemiljøutvala skal bli involvert i prosessen med vedtaking av lokale tilleggsreglar, er meininga å sikre skuledemokratiet i tråd med opplæringslova § 10-4, som pålegg skulane ein plikt til å «sørgje for» at elevar og foreldre får medverke til fastsetjinga av skulereglar.

3. Tekniske endringar

Nokre stader i opplæringslova er vedtaksmynde lagt til rektor «sjølv», som betyr at mynden til å ta avgjerd ikkje kan bli delegert vidare til andre. Det er foreslått å endre ordlyden «rektor» til «rektor sjølv» for å synleggjere delegeringsforbodet ved vedtak etter § 8 nr. 4, nr. 7 og nr. 8.

Dei stadane det er brukt skråstrek vært erstatta med «og» samt «eller».

Heimelen for fylkesdirektøren til gjere mindre endringar i forskrifta vert flytta frå paragrafen om ikraftsetjing til ein eige paragraf, sjå ny § 17.

Dagens § 16 om ikraftsetjingstidspunkt vert oppdatert.

Paragraf- og avsnittsnummer vert oppdatert.

4. Vurdering av andre innspel

Direktøren vil her drøfte dei sentrale innspela som har kome frå rektorane, som ikkje vert tilrådd å ta med vidare.

4.1 Tydeleggjering av forbodet mot fusk

Det er fleire som etterlyser tydelegare retningslinjer for fusk, som presiserer kva som vert rekna for fusk og forsøk på fusk. Særleg er det peikt på behovet for å presisere at bruk av KI også kan bli rekna for fusk. Forbodet mot fusk går i dag fram av § 7 nr. 6 og lyder at det «er forbode å fuske eller forsøke å fuske på prøvar eller innleveringar».

Direktøren vurderer at ordlyden her er tilstrekkeleg dekkande til at fusk kan bli sanksjonert, men har notert seg at det vert etterlyst tydelegare retningslinjer for kva som ligger i fuskeomgrepet. Forbodet mot fusk i skulereglane er formulert på same måte som andre stader i skulelovgivinga, til dømes innanfor høgskule,- universitets,- og høgskulesektoren.

Kva som vert rekna for fusk vil i stor grad avhenge av kva hjelpemidlar, kva type samarbeid og kjeldebruk som er tillate på den enkelte vurderinga. Også bruk av KI er å rekne som eit hjelpemiddel. Terskelen for når eit tilfelle vert rekna som fusk, med andre ord ein konkret

vurdering som avhenger av fleire individuelle forhold. Direktøren sin vurdering er at eventuelle tydeleggjingar av kva som kan bli rekna for fusk, høyrer best heime i eksamensreglementet, lokale skuleforskrifter eller retningslinene for den konkrete oppgåva. Denne løysinga er også i tråd med praksisen innanfor skulesektoren elles.


Vidare er direktøren sin oppfatning at ein nærmare regulering av KI i skulereglane kan vere uheldig. Utviklinga her går såpass fort at det er vanskeleg å sjå får seg kva type bruk det vil vere behov for å regulere, og risikoen er at reguleringa vert for snever til å halde takt med den teknologiske utviklinga her. Samstundes har fylkeskommunen eigne retningslinjer for bruk av KI i opplæringa.³

4.2 Fellesreglar for bruk av mobiltelefon og smartklokke

Då skulereglane vart vedteke, vart det bestemt at alle skulane skulle utarbeide eigen lokal forskrift med reglar om bruk av mobiltelefon og smartklokke i skuletida, sjå dagens § 15 (2). Nokre rektorar har i denne omgang signalisert eit ønskje om ein felles regulering i skulereglene.

Inntrykket til direktøren er at dei fleste skulane har positive erfaringar med reguleringa i lokalt reglement. Lokal regulering gir betre eigarskap til eit eventuelt forbod mot mobiltelefon og smartklokke i klasserommet, og prosessen sikrar tettare elevmedverknad på den enkelte skulen. Direktøren sitt syn er difor at reglement om mobiltelefon og smartklokke framleis bør gå fram av lokal forskrift.

³ [Retningslinjer for KI](#)



vestlandfylke.no